



# VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I SKJÅK KOMMUNE

Vedteke av Skjåk kommunestyre 12.12.2024, gjeldande frå same dato

## 1. Eigartilhøve

Skjåk kommune eig og leiger lokale for dei kommunale barnehagane, og står ansvarleg for drifta.

### 1.2 Styringsverk

Barnehagen skal drivast i samsvar med:

- Lov om barnehagar
- Rammeplanen for barnehagen
- Gjeldande forskrifter
- Reglar frå departement og kommunale vedtak

## 2. Formål

Barnehagane blir drive i samsvar med formåla i barnehagelov, kommunale vedtak og planar.

Lov om barnehager (barnehageloven)

### § 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

### § 1a. Særlig formål

Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at verdiene i loven [§ 1](#) ikke skal forankres i den kristne og humanistiske arv og tradisjon.

Private barnehager og barnehager eiet eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om tros- eller livssynsformål.



## 3. Opptak

### 3.1 Hovudopptak

- Søknad om opptak skal sendast på elektronisk skjema
- Barnehagane har tilbod om 4 eller 5 dagar i veka
- Hovudopptak er samordna for alle kommunale og private barnehagar (familiebarnehagar) i kommunen, jfr. Lov om barnehagar § 17
- Ledige plassar blir lyst ut i februar med søknadsfrist i løpet av mars
- Søknader som blir levert etter søknadsfrist, blir handsama etter at alle ordinære søkjarar har fått plass

### 3.2 Opptak elles i året

- Eventuelt ledige plassar elles i året blir fylt opp fortløpande
- Styrarane samordnar opptak og avgjer kven som får plass

### 3.3 Opptaksreglar

- Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne. Barn som det er fatta vedtak om etter barnevernslova § 5-1 fyrste ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 fyste ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Desse bestemmingane fylgjer Lov om barnehagar § 18.
- Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med Lov om barnehagar og forskrifter. Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det blir søkt om barnehageplass, har etter søknad rett ti å få plass innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år i samsvar med Lov om barnehagar og forskrifter. Desse bestemmingane fylgjer Lov om barnehagar § 16.
- Ved tildeling av ledige plassar mellom barnehagane vil det bli prioritert slik:
  1. 5-åringar
  2. Sysken får plass i same barnehage
  3. Barn til foreldre med rett til introduksjonsordning, grunnskuleopplæring e.l.
  4. Etter alder
- Eit barn som har fått plass i barnehagen, har plassen til vedkomande skal ta til på skulen.
- Kommunen kan ta inn søkjarar frå andre kommunar dersom det er ledige plassar etter hovudopptak, men da berre for eit barnehageår om gongen.

### 3.4 Kjøp av ekstra dag

Foreldra har høve til å kjøpe ekstra dag til barn som allereie har plass i barnehagen så sant det er ledig kapasitet i den barnehagen barnet har plass i. Styrar avgjer om det er høve til å kjøpe dag.



## 4. Foreldrebetaling

Foreldrebetaling og moderasjonar fylgjer dei ei kvar tid gjeldande nasjonale reglar.

### 4.1 Kostpengar

Betaling for mat kjem i tillegg til foreldrebetaling for barnehageplass.

### 4.2 Syskenmoderasjon

Syskenmoderasjon fylgjer ei kvar tid gjeldande nasjonale reglar. Moderasjon vil gjelde for den rimelegaste plassen. Den gjeld berre for sysken som bur fast saman, det vil seie at dei må vere folkeregistrert på same adresse. I tilfelle der foreldra har avtala delt bustad for barnet, vil barnet vere å sjå på som fast busett med begge foreldra så sant dette utgjer meir enn 40 % av tida på kvar adresse. Det må leverast søknad med dokumentasjon av samværsavtale.

Syskenmoderasjon gjeld ikkje kostpengar.

### 4.3 Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Dei nasjonale reglane for redusert foreldrebetaling grunna økonomisk grunnlag vil til ein kvar tid bli lagt til grunn. Foreldra må søke om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid gjennom barnehagen sin digitale søknadsportal.

## 5. Oppseiing

Foreldre kan seie opp plassen når dei måtte ynskje det. Oppseiingstida er ein måned rekna frå den fyrste i månaden, og oppseiinga skal leverast skriftleg. Barnehageplassen må betalast ut oppseiingstida.

Reglane for oppseiing gjeld også frå foreldra har takka ja til plassen og til plassen blir teke i bruk.

## 6. Foreldreråd og samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd, alle foreldra i barnehagen er med i foreldrerådet, og dei vel representantar til barnehagen sitt samarbeidsutval.

Samarbeidsutvalet består av foreldre og representantar for dei tilsette, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar i kvar barnehage har delegert mynde til å delta i møta.

Styrar har delegert mynde til å syrgje for at saker som er viktige blir lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Desse bestemmingane er etter Lov om barnehage § 4.

## 7. Opningstider

- Informasjon om opningstider blir gjeve på heimesida, desse er innanfor rammene 07:00 til 16:30.
- Barnehagen er stengt i juleveka og påskeveka.



- Barnehagen har stengt i samanhengande tre veker kvar sommar.
- Det er årleg seks planleggingsdagar. Informasjon om desse blir gjeve på heimesida.

## 8. Klage på vedtak

Det er mogleg å klage på alle vedtak som er gjort etter desse vedtektene jamfør Forvaltningslova §28. Klaga må vere skriftleg og må sendast innan tre veker frå vedtaket er gjort. Formannskapet er klageinstans.

## 9. Forsikring

Barna er forsikra medan dei oppheld seg i barnehagen. Kommunen sin forsikring gjeld ved direkte transport til og frå barnehagen, og under utflukter og turar i opphaldstida.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/finansiering-av-barnehager/id2344788/>

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/barnehage/lov-om-barnehager-barnehageloven/kapittel-iii-godkjenningsplikt-og-oppgavefordeling/-8.-krav-til-vedtekter/>